

ANEREEKKJA FOR MORFAR IVAR ÅMBØ

(ved Ivar S. Ertesvåg, 24.juli 2000)

Denne lista inneheld 5 ættledd, til og med morfar sine tipp-oldeforeldre, eller mine tipp-tipp-tipp-oldeforeldre. Sjå merknader om nummerordning, namneformer, og kjelder på eige ark.

Slektskapen mellom kvart par og barnet som er min ane, er dokumentert i alle tilfella med eitt unnatak: nr.8 [48], sjå under nr.16,17 [96,97] - men også her er slektskapen sannsynleg og den einaste aktuelle ut frå kjeldene.

Fullgod dokumentasjon er det først når ein person (ane) uttrykkjeleg er knytt til foreldra. Det sikraste er skifte etter foreldra der barnet er gift og nemnt med namn. Ved giftarmål etter ca.1830 (årstalet varierer frå sokn til sokn) er fedrene til brudefolket nemnde med fullt namn. Når alderen er kjend, kan ein finne dåpen, og då kan begge foreldra vere nemnde. Også ved konfirmasjonen er alder og morsnamn oppgjeve etter ca. 1815. Eg reknar det ikkje som fullgod dokumentasjon dersom eg finn at eit par har eit barn med same namn og alder som min ane - det kan vere eit samantreff. Men i eit slikt høve reknar eg slektskapen som sannsynleg, og tek dei med. Ofte er det andre haldepunkt som peikar i same leia.

1. IVAR OLAI KNUTSON ÅMBØ, f.10.1.1906 - d.29.11.1995
gift 29.9.1934 Ingeborg Albertsd. Melle (Åmbø), f.14.3.1904

[12,13]

2. KNUT OLAI IVARSON ÅMBØ, f.29.10.1866 - d.14.8.1911
3. KAROLINE OLSD. EIKEN (ÅMBØ), f.13.6.1874 - d.3.9.1951
gifte 24.6.1900 i Ørsta, Åmbø bnr. 2 Åsgard (Ø.242,He3.366)
Knut kjøpte bruket 20.6.1898 for 1350 kr. Av dette lånte han 800 kr. Karoline sat i uskifte, og pantet vart først avlyst (nedbetalt) 9.3.1943.
Knut d. av "mavebetennelse" ifl. KlbØ.

Born:

- I Laura Mathilde f.29.3.1901 - d.mars 1989 (ugift)
- II Ragnhild f.14.5.1903 - d.22.9.1990 (ugift)
- III IVAR OLAI f.10.1.1906 (sjå ovanfor)
- IV Astrid Ovidia f.3.8.1910 (ugift)

Kjelder:

Knut: Kb/Klb.Ørsta (f. konf. g. d.)

Karoline: kb.Rovde (f. konf.), gravstein Ørsta kyrkegard, kb.Ørsta -tlf. prestekontoret (d.)

Foreldra er nemnde ved dåp og konfirmasjon, fedrene ved gifte.

Borna: Kb/Klb.Ørsta (f. konf.) - eigen kunnskap (f. d.)

Garden: Realpantereg S.Sunnmøre, Pantebok S.Sunnm. (skjøte, pantobligasjon, uskifteløyve.)

[24,25]

4. IVER ANDREAS JONSON HAUGEN (ÅMBØ), 17.6.1833 - d.13.3.1910

5. LARINE SUSANNE OLSD. ÅMBØ, f.17.5.1833 - d.27.11.1869

gifte 27.6.1858 (Ø.242,279)(Ø1.387,503,386)

Ivar d. av lungebetennelse

Foreldre: nr. 8-11 [48-51]

IVER oppattgift 9.7.1871 med Marta Steinarsd. Åm, f.2.4.1832 (Ø1.415)

Då Iver døyde flytta ho til dottera Larine i Ålesund.

Born(IVER og LARINE):

I Olava Karina f.23.11.1858 - d. feb.1948 (ugift). Ho hadde sonen Andreas. Laurits f.22.8.1889 - d.17.9.1907. far: Ole Petter Andreasson Melle f.1866. Olava budde i 2.høgda hjå systera Larine i Ålesund. Dei flytta til Ålesund ein gong mellom 1900 og 1907. Sonen Andreas var sjømann. Etter kyrkjeboka døyde han av sjukdom på eit hospital i Russland, der han var som mannskap på skonnerten Promise.

II Ane Olina f.27.12.1861 - d.1.5.1960, ugift, budde på Åmbø. Ho hadde sonen Johan Bernard f.26.12.1894 - d.1.1.1914, far: Jakob Johannesson Moene f.1872. Johan kom bort med "Issporven" på sildefiske på Sulehavet nyårsnatta 1914.

III John f.12.2.1864 - d.5.11.1958, g.28.12.1891 Johanna Aronsd. Bossekop, f.1859, frå Alta. Busett Ålesund i 1900, seinare i Ørsta. John var sjømann. (6 born)

IV KNUT OLAI f.29.10.1866 - d.14.8.1911 (=nr.2 [12], sjå ovanfor)

V Andreas Lauritz f.1.5.1868 - d.1.7.1869

(IVER og Marta):

VI Larine f.19.7.1872 - d. ca.1943(?) g.1895 Andreas Elias Jonson Røiset, f.28.6.1869 - d.7.4.1939, frå Røisetbakken, Hareid (Ha5.627). Busett i Ålesund. Ved folketeljinga 1900 var Andreas målarvenn, seinare var han laborant ved Svaneapoteket. Born: Amanda f.1898 - d.1992(94?), og Margit f.20.8.1900 (begge ugifte)

VII Sivert Matias f.25.4.1876 - d.12.4.1877

Plassekontrakt 3.1.1858 (tinglyst 24.9.1861) frå Kolbein Åmbø til "min søster Larine Olsdatter og hendes tilkommende mand Iver Andreas Johnsen Haugen .." I 1868 lånte Iver Anderas 50 spesiedalarar (frå 1875 vart ein spesiedalar omrekna til 4 kroner), med pant i "eiende og iboende Huuse paa min af Colben Olsen bygglede Plads".

Plassen vart skydsett som eige bruk i 1895.

Kjelder:

Iver, Larine: kb/klb.Ørsta (f. konf. g. d.), F1865, F1875, F1900

Borna: kb.Ørsta (f., Jon g., Andreas, Sivert d.), gravsteinar Ørsta k.gard (Jon d, Ane d.), F1900-Ørsta (Olava i teneste i Vik, Ane på Follestad), F1900-Ålesund (Jon m fam, Larine m fam)

Ver-born: kb.Hareid (Andreas f.)

Barnebarn: kb/klb.Ørsta (Andreas f.; Johan f., d.), "Søndmørsposten" 2.-6.jan. 1914 (forliset), klb.Åles (Andreas d.); F1900-Ørsta (Andreas hjå Knut på Åmbø; Johan med mora på Follestad); F1900-Ålesund (Amanda, Margit) Foreldra er nemnde ved dåp og konfirmasjon, fedrene ved gifte, far for døde born.

Garden: Realpantereg, Pantebok S.Sunnm. (plassekontrakt, pantobligasjon, utskiljing)

Opplysningar frå familien og frå bygdebøker.

[26,27]

6. OLA PETTER SEVRIN Karlson EIKEN, 15.7.1851 - 9.1.1943

7. RAGNHILDA SEVERINE Olsd. STEINSVIK (Eiken), 27.4.1847 - 29.10.1927

gifte 31.5.1874 i Volda, brukar Eika bnr.4 1875 (He3.366,362,D.78)

Foreldre: nr. 12-15 [52-55]

I folketeljinga 1875 er Ola nemnd fiskar. I 1892 (barn II konfirmert) er han nemnd "gaardbruger og tranbrender", elles berre "gaardbr.". Ole arbeidde på fiskebruket i Straumen (Flusund) i 42 år, og dei budde der frå om lag 1900. Ola var bryggjeformann til om lag 1920. Etter nokre år på Eika att, flytta dei til dottera Sisilie i Gursken i 1923. Dei selde garden, og miste pengane då banken gjekk konkurs nokre år etter.

Born:

I KAROLINE f.13.6.1874 (nr.3 [13], sjå ovanfor)

II Johan Sigvald Martinus, f.8.9.1875 - d.1961, g.30.4.1900 Anna Birgitte Henriksd. Havåg, f.25.9.1873 - d.1919, busett Havåg, 2 born (He3.381). Oppattg. 1921 Ingeborg Marie Andreasd. Skaret (Ulvestadnakk), busett Lauvstad, ikkje born. (D.242)

III Ole Johannes Elias f.11.9.1877 - d.17.3.1947, g.20.1.1897 Anna Oluffa Larsd. Moldskred, f.7.3.1874 - d.9.11.1955, busett først på Eika, seinare på Brandal, 6 born. Ole var ishavsskipper (Ha5.88,U4.48).

IV Rasmus Johannes f.31.8.1879 - d.17.3.1947, g.(ca.1898/99?) Nikoline Hessen, Borgund, busett Ørsta. Rasmus var slaktar.

V Marta Karine Severine f.13.3.1882, g. Sivert Hoel, busett Molde (12 born).

VI Peter Laurits f.29.7.1884 - d.25.12.1950, g.29.11.1906 Torø(Tora) Pedersd. Ytre (Dahlen?), frå Skjåk, f.20.5.1880 - d.17.3.1953. Utdanna til bakar i Ålesund. Reiste til USA i 1907, dreiv bakeri i Northport, Michigan. Born: Olav Peder, fødd på Eika 21.5.1907, Thoralf, fødd i USA 21.9.1909 - d.31.7.1990. Begge busett Traverse City, Michigan. *)

VII Sesilia Olina Rasmina f.4.2.1890 - d.21.4.1977, g.1923 Ragnvald Roald f.6.7.1875 - d.27.8.1952, busett i Vågen, Gursken. Barn: Karolina Ragnhild f.13.1.1925, busett i Trondheim. (Sa1.546)

Kjelder:

Ole: kb.Rovde (f.), F1865-Herøy/Sande, F1875-Sande (begge), Gravstein Gursken kyrkje (d.år)

Ragnhilda: kb.Volda (f. konf. g.), F1865-Volda, Gravstein Gursken kyrkje (årstal uleseleg)

Folketeljinga 1900: Ole og Ragnhild m.dtr. Sesilia registrerte på Eika, men budde i Herøy sokn;

Ole og Anna med to døtre budde på Eika; Rasmus og Nikoline, utan born, budde i Ålesund, Marta losjerte hjå dei.

Borna: kb.Rovde (f. <1885), kb/klb.Leikong (f.>1885; konf.; Johan, Ole g.), klb.Ålesund (Peter g.), familien (Sesilia d.)

Ver-born: kb.Hareid (Anna O.L. f.), kb.Skjåk (Tora f.), gravferdshefte (Anna O.L. d.)

Barneborn: kb.Leikong (Olav f.), familien (Thoralf f., d.)

Foreldra er nemnde ved dåp og konfirmasjon, fedrene ved gifte.

Gravsteinar Traverse City (Peter, Tora, Thoralf); Emigrantprotokoll-Ålesund (Peter, Tora, Olaf)

Elles opplysningar frå familien og frå bygdebøker

*) Eg har skrive eit hefte på engelsk, "Ancestors of Peter Eiken", for etterkomarane etter Peter. Det inneheld anerekkje, litt om Tora si slekt, og noko lokalhistorie.

::: OLDEFØRELDRE :::

[48,49]

8. JON ANDERSON BJØRDAL (HAUGEN), f.1797 (dp.19.11) - d.12.1.1875

9. ANNE OLINE IVARSD. HAUGEN, f.1800 (dp.13.7) - d.14.3.1893

gifte 2.1.1825, bygselsetel på Haugen bnr.3 dagsett 4.10.1824 (Ø.279,265,Ø1.503)

Det ser ut til at ho vart kalla Oline (alle borna døypte, folketeljningane)

Foreldre: nr. 16-19 [96-99]

Born:

I Kanutte f.28.10.1825 - d.1902, g.19.6.1853 Halvor Brittanus Hendrikson Eidem, Volda, f.13.1.1827 - d.1907. På Eidheim (Eidem), Volda. (V1.71)

II Anne Lisbet f.28.3.1827 - d.23.1.1903, g.24.6.1857 Ole Martines Hansson Bjørdal f.11.9.1829 - d.25.4.1915. Ole kjøpte og tok over garden, skjøte 1857. (Ø.279,Ø1.503,465)

III Iverine f.18.12.1829 - d.18.5.1920, ugift. Ho døydde på gamleheimen, 90 år.

IV IVER ANDREAS f.17.5.1833 (=nr.4 [24], sjå ovanfor)

V Knut Johannes f.6.7.1836 - d.25.3.1912 (truleg)*, g.11.11.1861 Ane Petrine Albriksd. Åm, f.17.2.1842. Plassefolk på Y.Åm (Åmås), 10 born. (Ø.250,Ø1.406)

VI Ole Martines f.25.10.1839 - d.19.5.1912 av tarmslyng, g.14.7.1865 Karen Danielsd Mork, f.28.4.1845 - d.9.12.1906. På Mork bnr.1, 11 born. Han var skulelærer. (Ø.129,Ø1.105)

VII Anne Nikoline f.22.1.1843 - d.1926, g.8.6.1873 Tore Matias Johannesson Halse, f.24.1.1841 - d.1929. Busett Slåttilid, Volda, kjøpte garden i 1873, 6 born. (V3.110,Ø1.45)

*) (I klokkeboka er det ført ein Paul Jonson, gift plassemann på Åm, d.25.3.1912. Han skal vere f.1836, Haugen. I folketeljninga 1900 er det ingen slik person, og heller ikkje i "Ørsta". Det er ikkje fødd nokon Paul Haugen i Ørsta omkring 1836. Det kan vere feilskrive for Knut.)

Kjelder:

Jon, Anne Oline: kb.Volda (dåp, berre patronymikon; g, alder for begge), kb.Ørsta (d., f.år nemnt - dåpsdag for Oline), F1801: begge hjå foreldra (4 og 1 år), F1865 (kårfolk hjå dottera), F1875 (Oline kårkone)

Borna: kb.Volda (f.<1831, Anne Nikoline g.), Kb.Ørsta (f.>1831, Kanutte, Anne Lisbet, Knut, Ole M. g.), klb.Ørsta (Anne Lisbet, Iverine, Ole d.) Ver-born: kb.Volda (Halvor, Ole M. f.), kb/klb.Ørsta (Ane P., Karen, Tore f; Ole M. d.)

Før 1801 er berre patronymikon og gardsnamn gjeve ved dåp. Etter 1801 er foreldra nemnde ved dåp. Frå 1832 er fedrene nemnde ved gifte, før berre patronymikon, gardsnamn og alder. S.Sunnm. Pantebok: Bygselsetel 4.okt.1824 - inneheld ikkje familieopplysningar (sjå avskrift). Bygdebøkene.

[50,51]

10. OLE KOLBEINSON ÅMBØ, f.1794 (dp.23.3) - d.2.11.1860

11. KANUTTE LARSD. FYLDAL (ÅMBØ), f.1793 (dp.1.9) - d.6.5.1873

gifte 25.6.1825, brukar (sjølveigar) på Åmbø 1828 (Ø.242,198,Ø1.386).

Foreldre: nr. 20-23 [100-103]

Born:

I Eline Susanne f.2.2.1828 - d.16.2 (14 dagar)

II Karine f.2.7.1829 - d.14.10.1896, g.24.6.1853 Peter Johannes Jetmundson Velle, f.8.5.1826 - d.25.5.1887 av tæring. Buset på Ytre Åm, bnr.15, 5 born (Ø.249,Ø1.404,179).

III LARINE f.1833 (=nr.5 [25], sjå ovanfor)

IV Kolbein f.6.5.1836 - d.22.9.1882, g.24.6.1864 Oline Arnesd. Rebbestad, f.29.11.1838 - d. etter 1900, dei tok over garden, 7 born.

Kjelder:

Ole, Kanutte: kb.Volda (dåp, gifte), kb.Ørsta (d.), F1801 (7 og 8 år, m foreldra), F1865 (Kanutte kårkone)

Borna: kb.Volda (Eline f., d.; Karine f.), kb.Ørsta (Karine g.,d.; Larine f., konf., g.,d.; Kolbein f.,g.,d.)

Verborn: kb.Volda (Peter f.), kb.Ørsta (Oline f., Peter d.)

Før 1801 er berre patronymikon og gardsnamn gjeve ved dåp. Etter 1801 er foreldra nemnde ved dåp. Frå 1817 er foreldra nemnde ved konfirmasjon. Frå 1832 er fedrene nemnde ved gifte, før berre patronymikon, gardsnamn og alder.

Bygdebøkene.

[52,53]

12. KARL OLSON EIKEN, f.19.2.1826 - d.14.10.1856

13. SESILIE OLSD. STEINSVIK (EIKEN), f.5.12.1818 - d.1.6.1900

gifte 2.7.1849 i Volda, brukar Eika bnr.1, 1849, (He3.362,D.78)

Foreldre: nr. 24-27 [104-107]

SESILIE oppattgift 17.10.1858 med Jetmund Knutson Hjellbakk, f.16.9.1828 - d.11.2.1913.
Dei kjøpte bruket i 1870.

Born(KARL og SESILIE):

I OLA PETTER SEVRIN f.1851 (=nr.6 [26], sjå ovanfor)

II Sakarias Kornelius f.5.11.1853 - d.16.7.1854 (8 månader)

(Jetmund og SESILIE):

III Knut Kornelius f.11.4.1859 - d.7.8.1862 (3 år)

IV Sivert Kornelius f.25.10.1862 - d.17.11.1921, g.ca.1888 enkje Karen Marie Rasmusd
Sørheim, Ørsta, f.29.9.1857 - d.17.7.1938. Ho var først g. på Yksnøy (V1.22). Dei tok
over farsgarden på Eika i 1901. (7 born, He3.362))

Kjelder:

Karl: kb.Rovde (f., d.)

Sesilie: kb.Volda (f., konf., g1.), kb.Rovde (g2.), kb.Leikong (d.)

Foreldra er nemnde ved dåp og konfirmasjon, fedrene ved gifte.

F1865-Herøy/Sande (Jetmund, Sesilie, born, kårkone), F1875-Sande (Jetmund, Sesilie, Sivert,
Ole m.fam)

Born: kb.Rovde (alle f.; Sakarias, Knut d.)

Elles bygdebøkene

[54,55]

14. OLE PEDERSON STEINSVIK, f.1811 (dp.1.1.1812) - d.26.12.1869

15. MARTE RASMUSD. STEINSVIK, f.22.9.1817 - f.8.11.1889

gifte 29.5.1842, brukar (sjølveigar) Steinsvik - Mettebruket 1842 (D.78,83)

Foreldre: nr. 28-31 [108-111]

Born:

- I Pernille (Petrine) Marthe f.21.12.1842 - d.1903, g.12.11.1877 Ola Petter Olson Drabløs f.12.11.1842 - d.1924, Dravlaus Ytre, br.nr.3 (D.201). Ho er døypt Pernille, men er elles kalla Petrina (konf., g., folketeljingane). I folketeljingane i 1865 og 1875 er skreddar først som hennar yrke.
- II Peder f.19.1.1845 - d.28.1.1884 av magekreft, g.29.10.1871 Ingeborg Eline Olsd. Sollid f.28.2.1844 - d.1926 (V3.486). Dei tok over garden.
- III RAGNHILDA f.27.4.1847 (=nr.7 [27], sjå ovanfor)
- IV Rasmus Nikolai f.23.7.1851 - d.29.7 (8 dagar)
- V Rasmus Johannes f.3.5.1854 - d.11.1.1878 "Kvæltet under et vedlæs", g.4.7.1875 Marte Kristoffersd. Velsvik f.21.4.1852 - d.15.6.1910 (D.320), busett Leikongsæter, Herøy, dei tok over bruket etter farsøstra Dorte (sjå nr.26,27 [106,107]), Rasmus fekk skjøte på bruket frå mora (He3.443). Dotter: Ingeborg Dorotea f.19.6.1876 - d.31.3.1957, g.1904 Hans Johannesson Muren, busett Almestad. Dei er foreldra til Laurits Almestad. (Sa1.526)
- VI Cesilie f.19.12.1857 - d.14.8.1889 av "Mavebetendelse", g.8.1.1882 Martin Johannesson Drabløsvik f.19.4.1852 - d.1934, busett Dravlausvik (D.192)

Kjelder:

Ole, Marte: kb.Volda (f., konf., g., d.), F1865, F1875 (Marte kårenkje hjå Peder)

Borna: kb.Volda (alle f.; Pernille/Petrine, Peder, Rasmus, Cecilie g; Peder, Rasmus N. d.), F1865, F1875 (Peder m. fam.), kb/klb.Leikanger (Rasmus J., Cecilie d.)

Ver-born: kb.Volda (Ola, Ingeborg, Marte, Martin f.), kb.Leikanger (Marte d.)

Foreldra er nemnde ved dåp og konfirmasjon, fedrene ved gifte.

Bygdebøkene for Dalsfjord, Volda, Herøy og Sande.

::: TIPP-OLDEFORELDRE :::

[96,97]

16. ANDERS Olavson BJØRDAL, f.1752 (dp.23.1) - d.1807 (jordfesta 14.6, 55 år)

17. LISBET Henriksd. ÅM (Björdal), f.1758 (dp.9.7) - d.1812 (jordfesta 3.1.1813)

trulova 28.10.1781 (giftet manglar i kyrkjeboka) (Ø.265,253,Ø1.459,419)

Foreldre: nr. 32-35 [192-195]

Born:

I Johanne Karine (Kari) f.1782 (dp.17.11) - d.1.1.1865, då er ho kalla "Dolarenke" (kva no det tyder?), i klokkeboka berre "Kaarenke"; g.25.6.1820 enkjemann Guttorm Kolbeinson Buset (Fagerhol), f.ca.1759 - d.11.7.1822 (alder: 63 1/4; F1801: 42 år), busett på Fagerhol, ikkje born (Ø1.592). Oppattg.6.1.1827 Martinus Eliasson Mele, f.1787 (dp.2.9) - d.7.7.1854, salmakar, busett på Mele (Ø1.525). Han er son til nr.[228,229], sjå i mormor si anerekkje.

II Ingeborg f.1786 (dp.19.2) - d.1805 (jordfesta 24.3., 19 år)

III (?) Olina f.1788 (dp.12.5) - d.6 veker (jordfesta 22.6)

IV Henrik f.1790 (dp.14.3) - d.9.12.1870, g.3.7.1814 Ragnhild Nilsd. Brekke f.1789 (dp.21.5) - d.1.1.1850. Tok over garden, bygsel 1815, skjøte 1838, 4 born (Ø.265,Ø1.459,255).

V (?) Ole f.1792 (dp.25.11) - d.1799 (jordfesta 6.10, 7 år)

VI (?) Elling f.1794 (dp.12.1) - truleg d. før 1801

VII (?) Dorte Helena f.1794 (dp.12.1) - truleg d. før 1801

VIII JON f.1797 (dp.19.11) (sannsynlegvis =nr.8 [48], sjå ovanfor, men det er ikkje dokumentert)

IX Anne f.1800 (dp.30.11) - d.19.1.1867, g.30.12.1832 Ole Martines Pederson Haugen, f.1810 (dp.19.8) - d.7.7.1845, busett på Mele, 2 born (Ø1.533,498)

Det er ikkje direkte dokumentert at denne Jon Anderson Björdal er den same som nr.8 [48]. Namn og alder stemmer ved alle innførsler. Det er elles ingen annan høveleg Jon Anderson i folketeljinga 1801.

Skifte etter Anders 25.7.1807 og etter Lisbet 9.2.1813. Då levde det 4 born etter dei: Kari (1807:24 år, 1813:29 år, ugift), Henrik (1807:18, 1813:24), Jon (1807:9, 1813:16), og Anne (1807:7, 1813:12). Ved folketeljinga 1801 er borna heime: Ingeborg 15, Henrik 11, Jon 4 og Anne 1.

Elles er denne barnerekkja er litt uviss. Kyrkjeboka gjev berre fornamnet på faren til dåpsborna, t.d. Olina Andersd. Björdalen. Det var to, nokre år tre, Anders Björdal som var aktuelle. Det kan også tenkjast at det fanst endå ein Anders Björdal, som vi ikkje kjenner til. Det kunne t.d. vere ein tenestekar eller husmann som budde der nokre år, utan at han sette tydelege spor etter seg i kjeldene for Björdal. Anders var eit svært vanleg namn.

I februar og mai 1788 vart det døypt to jenter, Elen og Olina, som begge var Andersd. Björdal. Begge døydde etter nokre veker. Ei av dei høyrer til her (Olina, trur eg; Elen trur bygdebokskrivaren, men han har oversett Olina). Utifrå faddrar og namn har eg plassert Ole (f.1792) her. Men han og tvillingparet Elling og Dorte Helena, f.1794, kan like gjerne høyre til grannen Anders Jonson (Ø1.450). Ein grunn til å ta dei med her er at produksjonen i grannehuset er stor nok utan (minst 13 born, f.1772-1798), og at kona hadde passert 40 år (f.1751). Dei hadde tvillingar i 1991, og born f.1795 og 1798. Hi grannekona, Anne, g.m. Anders Johanneson, er f.ca.1738 (Ø1.464), og for gammal i 1794.

Kjelder:

Anders, Lisbet: kb.Volda (dåp, truloving, jordfeste), F1801 (50 og 44 år)

Born: kb.Volda (dåp; Johanne g1, g2; Henrik g; Ingeborg, Olina, Ole jf.). kb.Ørsta (Anne g; Johanne, Henrik, Anne d.)

Ver-born: kb.Volda (Martinus, Ragnhild, Ole Martines dp.; Gutorm d.), kb.Ørsta (Martinus, Ragnhild, Ole d.), F1801 (Gutorm), Ulstein.1833 (Guttorm ikkje nemnd).

Skifteprotokoll, Søre Sunnmøre: Skifte etter Anders 1807 og Lisbet 1813, skifte etter grannen Anders Johan(nes)son 1804 og kona Anne Sveinsd 1808, skifte etter grannen Anders Jonson 1802.

Bygdebøkene for Ørsta.

[98,99]

18. IVAR Olavson HAUGEN, f.1773 (dp.25.7) - d.16.7.1824

19. JOHANNE Knutsd. HOVDENAKK (Haugen), f.1769(70?) - d.11.2.1850

 gifte 30.6.1799, brukar Haugen 1801-1819 (Ø.279,259,Ø1.503,436)

 Foreldre: nr. 36-39 [196-199]

Born:

I ANNE OLINE f.1800 (dp.13.7) (=nr.9 [49], sjå ovanfor)

II Knut f.1802 (heimedøypt, lest over i kyrkja 12.9) - d.20.1.1824. Bygselbrev 1819 frå Rasmus Olson Haugen "til min Brodersøn Knud Iversen Haugen som hans fader brugt", kårbrev frå Knut til foreldra.

III Ingebrigt f.1805 (dp.29.9) - d.1808 (jordfesta 25.9, 3 år)

IV Ingeborg Maria f.1808 (dp.20.11) - d.1810 (jordfesta 30.9, 2 år)

Ein kan diskutere om det er fullt ut dokumentert at denne Anne Oline Ivarsdotter her er den same som nr.9 [49] ovanfor; men alt peikar i den retninga. Alderen oppgjeve ved gifte (24 1/4 år) fortel at ho er fødd 3.kvartal 1800; ved gravferda har presten notert i kyrkjeboka at ho er fødd på Haugen og døypt 13.7.1800 - dvs. eit vitnemål om at det er same person.

Kjelder:

Ivar, Johanne: kb.Volda (dåp, g., Ivar d.), kb.Ørsta (Johanne d.), F1801 (28 og 32 år)

Borna: kb.Volda (dåp, jordfeste/død), F1801 (Oline 1 år)

Frå 1801 er foreldra nemnde ved dåpen

Det finst ikkje offentlege skifte etter Ivar, Johanne eller Knut.

S.Sunnm. Pantebok: Bygselbrev til Knut og kårbrev til Ivar og Johanne 1819.

Bygdeboka "Ørsta".

[100,101]

20. KOLBEIN Solmundson OSE (Åmbø), f.1760 (sept./okt.) - d.17.7.1831

21. ELEN Olavsd. ÅMBØ, f.1756 - d.1810 (jordfesta 9.12, 55 år)

truleg gifte 1790 (trulova 13.5.1790, giftet er ikkje innført i kyrkjeboka).

I kyrkjeboka finn vi innleidd "Salmund Osses (quinde)" i oktober 1760, truleg 21.s.e.trieining (26.10). Arket før manglar, med dagfesting og truleg med dåp av Kolbein.

10.s.e.trieining (22.8) 1756 er "Ole Aambøes (kone)" innleidd. Dåpen er ikkje innført, var gjerne 3-8 veker før.

Brukar Åmbø 1795 (Ø.242,294,Ø1.386)

Foreldre: nr. 40-43 [200-203]

KOLBEIN oppattgift 5.1.1812 med Berte Johanne Jakobsd. Brautaset, f.1775 (dp.9.1) - d.5.4.1848 på Årset (sannsynlegvis er det ho). Ho må ha budd hjå dottera Ingeborg på Årset i Volda (Ø1.429).

Born(KOLBEIN og ELEN):

I Synneve f.1791 (truleg i mars, mora innleidd 1.påsked. (24.4)) - d.22.10.1830, g.5.7.1818 Jon Jakobson Brauteset f.1781 (dp.8.7) - d.1.10.1839, på Brautaset, 3 born som fekk arv ved skiftet etter morfaren. Jon var bror til Synneve si stemor, Berte Johanne (Ø.256,Ø1.429).

II OLE f.1794 (=nr.10 [50], sjå ovanfor)

III Daniel f.1799 (dp.3.2) - d.2.11.1872, g.12.9.1830 Ingeborg Marie Johannesd Ose, f.1805 (dp.12.4) - d.23.10.1896. Busett på Fagerhol frå 1838, 7 born (Ø.309,Ø1.593,542).

(KOLBEIN og Berte):

IV Elling f.1812 (dp.24.4) - d. 14 dagar (jordfest 24.5)

V Kolbein f.1813 (dp.5.12) - d.15.2.1823

VI Ingeborg Johanne f.25.2.1818 - d.1908, g.18.6.1837 Hans Olson Årset f.1805 (dp.6.10) - d.30.12.1889, busett Årset, Volda (V2.395).

Skifte etter Elen 6.8.1811; enkjemann Kolbein, born: Ole, Daniel, Synneve

Skifte etter Kolbein avslutta 5.12.1831; enke Berte J. Jacobsdatter; frå første ekteskap: son Ole, gift og bur på garden, Daniel, gift og bur på Fagerhol og dotter Synneve Colbensdatter Brauteseth, død og har etterlate son Elias Johnsen, 12 år, son Colben Johnsen, 6 1/2 år, og dotter Ingebor Johnsdtr., 4 1/2 år; frå andre ekteskap: dotter Ingebor Johanne Colbensdatter, 13 1/2 år

Buet brutto 434-1-2, Netto til utdeling 388-1-3. Liste over innbu og lausøyre med verdi 165-0-15, m.a. 5 kyr og 1 kvige (alle med namn), ei 2 år gl hoppe, 6 bøker og eit innbunde magasin. Etter fleire skiftemøte enda det med at lausøyret vart auksjonert ut og pengane fordelte mellom arvingane.

Kjelder:

Kolbein, Elen: kb.Volda (innleiing, truloving, Kolbein g2, jordfeste/død), F1801 (41 og 45 år)
Berte: kb.Volda (f., d.)

Borna: kb.Volda (dåp; g.; Elling jordfesta; Synneve, Kolbein d.), kb.Ørsta (Daniel d.), F1801 (Synneve, Ole, Daniel); for Synneve er ikkje dåpen innført i kb., men mora var inngangskone 1.påskedag, 24.4.1791 - det stemmer med alderen ved F1801, g. og d.; F1865 (Ingeborg m.fam. på Årset)

Ver-born: kb.Volda (Jon, Ingeborg, Hans f.), kb.Ørsta (Jon, Ingeborg d.)

S.Sunnm. Pantebok: Skifte etter Elen (1811) og Kolbein (1831).
Bygdebøkene for Ørsta og Volda.

[102,103]

22. LARS Knutson FYLDAL, f.1761 (dp.22.2) - d.17.11.1829

23. SISILIE Kolbeinsd. MO (Fyldal), f.1759 (dp.20.5) - d.18.3.1836

trulova 21.10.1787 (giftet manglar i kyrkjeboka), brukar Fyldal 1789
(Ø.198,172,Ø1.300,222)

Foreldre: nr. 44-47 [204-207]

Namn: Zisilie (dåp), Cicelle (truloving), Cicilia (død i kyrkjeboka; skifte 1830), Sissele (F1801),
Sicilia (skifte 1836).

Born:

I Synneve Karine f.1789 (dp.12.7) - d.1810 (jordfest 19.4; 21 år)

II Knut f.1791 (dp. 6.11) - d.7.8.1875, g.10.7.1826 Ane Lisbet Knutsd Myklebust, f.1799
(dp.10.3) - d.14.3.1880. Dei tok over garden, skjøte 1814, 6 born (Ø.198,Ø1.301,348).

III KANUTTE f.1793 (=nr.11 [51], sjå ovanfor)

IV Sjur f.1797 (dp. 13.8) - d.1850-åra, g.1834 Synneve Olsd. Norang f.1798 (Hf3.333). Busett
Sjurplassen, Slinningen, Ålesund/Borgund. Tømmermann og båtbyggjar (Borgund og
Giske 4.388).

V Anne f.1800 (dp. 9.5) - d.før 1830 (ikkje i skiftet etter faren)

VI Paulina f.1804 (dp.22.7) - d.8.7.1897, g.23.6.1848 Bård Jakobson Ose f.1806 (dp.27.7)
- d.20.12.1889, smed. Plassefolk på Ose. Ikkje born, men Paulina hadde ein uekte son,
Sivert f.23.11.1833 (Ø.295,Ø1.540). Bård var son til nr.[116,117] (Sjå under nr.20,21 i
mormor si anerekkje).

Skifte etter Lars 12.1.1830: enkje Cicilia Kolbeinsdotter. Born i lovleg ekteskap: 1. Knut,
myndig, gift, på garden; 2. Sjur, myndig, på garden; 3. Kanutte gift med Ole Kolbeinson
Åmbø, 4. Pauline 26 år, ugift.

Skifte 8.6.1836 etter kårenkje Sicilia Kolbeinsd., born: 1. Knut, myndig, gift, på garden; 2.
Sjur, myndig, gift og busett på ein plass under Slinningen, Borgund; 3. Kanutte gift med Ole
Kolbeinson Åmbø; 4. Pauline 32 år, ugift; ikkje fleire arvingar.

Kjelder:

Lars,Sissele: kb.Volda (dåp, truloving, Lars d.), kb.Ørsta (Sissele d.), F1801 (39 og 41 år)

Borna: kb.Volda (dåp, Synneve jordf.), kb.Ørsta (Pouline g., Bård d.), F1801 (Knut 10, Sjur
4, Synneve 12, Kanutte 8, Anne 1), Skifte 1830 e. Lars og 1836 e. Sisilie (sjå ovanfor) F1865
(Knut og Ane m fam; Pauline og Bård på Ose), F1875 (Ane m fam).

Frå 1801 er foreldra nemnde ved dåpen, før 1801 er bere patronymikon og gardsnamn gjeve i
kyrkjeboka.

Søre Sunnmøre skifteprotokoll: skifte etter Lars (1830) og Sisilie (1836).

Bygdebøker.

[104,105]

24. OLA Johannesson EIKEN, f.1797(dp.24.9) - d.21.2.1846 (48 år)

25. OLINE Hansd. HØGSTØYL (Eiken), f.1796 (dp.13.3) - d.28.12.1869 (70 år)

gifte før 1822, men eg har ikkje funne ut når (ser ut til å mangle i kyrkjebøkene).

Brukar Eika 1820 (bygsel). Eika var eitt bruk fram til 1826. (He3.362,D.308). Ola kom bort på sjøen.

Foreldre: nr. 48-51 [208-211]

Born:

I Johanne Marta f.13.1.1822 - konf.1838 -

II Johannes Britanus f.30.7.1824 - d.1.7.1877, g.13.1.1846 Helene Endresd. Torvik f.31.3.1816 - d.24.4.1910. (Ved giftet er ho kalla Helene Dortea og ved gravferda Eline Dortea, men berre Helene ved dåp og konfirmasjon). Plassefolk på Eika (bnr.2) frå 1850, seinare sjølveigar. (He3.363,He1.567)

III KARL f.1826 (=nr.12 [52], sjå ovanfor)

IV Anne Berte f.10.3.1829 - d.1.7.1882, g.25.6.1865 Elling Johannes Ananiasson Breiviknes, Rovde, f.23.1.1840 - d.1923, 3 born(?) (SR.709)

V Hans Petter f.22.9.1832 - d.21.10.1840 (8 år)

VI Jakob Nikolaus f.9.1.1839 - d. 2 1/2 veke

Kjelder:

Ola: kb.Herøy (dåp, konf.), kb.Rovde (d.)

Oline: kb.Volda (dåp, konf.), kb.Rovde (d.), F1865 (kårenkje)

I Herøy er begge foreldra nemnde ved dåpen, i Volda berre patronymikon og gardsnamn.

Borna: kb.Rovde (f.; Johanne konf.; Anne g.; Johannes, Anne(?), Hans, Jakob d.), kb.Herøy (Johannes g.)

Ver-born: kb.Herøy (Helene f., konf.), kb.Rovde (Elling f. - d.år innført i dåpslista), klb.Leikanger (Helene d.)

Bygdebøker.

[106,107]

26. OLE Sjurson ØRSTAVIK (Steinsvik), f.1785/86 - d.17.2.1867

27. SISILIE Zakariasd. BRUNE (Steinsvik), (27=29) sjå nedanfor.

gifte 9.6.1816 - Som så mange andre, er Ole nemnd "soldat" då, (D.78,56,Ø.146)

Foreldre: nr. 52-55 [212-215]

SISILIE var enkje, sjå nr. 28-29 [108,109] nedanfor.

Det er døypt ein Ole Sjurson Vik 2.1.1785, det kan vere han. Etter alderen som er oppgjeven ved konfirmasjonen 1802 og i folketeljinga 1801, kan han vere fødd februar-april 1786. Ved folketeljinga 1865 var Ole kårmann på Leikongsæter med dottera Dorte, oppgjeven alder er 87 år. Han vart gravlagd på Herøy kyrkjegard, alder 83 år (men ført i kyrkjeboka for Rovde, som Leikongsæter hørde til).

Born:

I Dorte Pernille f.1816 (dp.2.7) - d.14.11.1886, g.1.7.1838 Ole Andreas Anderson Aurstad f.1809 (dp.27.9) - d.24.10.1879, busett Leikongsæter, Herøy. Dei bygsla bruket i 1841 av halvbroren Ole (nr.14 [54]). 7 born. (V2.405,He3.443).

II SESILIE f.1818 (=nr.13 [53], sjå ovanfor)

III Ragnhilde Andrine f.2.2.1821 - d.10.11.1880, g.19.6.1859 Ole Olsson Bø, frå Innfjorden, Voll sokn, Romsdal, f.1820/21 - d.22.1.1863. Ei dotter Marta Sisilie f.9.1.1861 på Bø i Innfjorden. Dei flytta til Alnes i Kors sokn, Grytten i Raumadalen, der Ole døydde og Ragnhilde er enkje ved folketeljinga 1865. Ved folketeljinga i 1900 er dottera Marta kone på Alnes. (Voll 2.143; ikkje bygdebok for Kors sokn.) Sjå meir om Ragnhilde nedanfor.

IV Brite f.16.10.1823 - d.28.4.1831 (8 år)

V Sjur f.7.4.1826 - d.17.4.1877(?), g.1853 Anna Andersd. Hauge, Sande f.25.4.1833 - d.e.1893, busett Djuvik, Herøy, 12 born. (He2.504,Sa1.312)

VI Anne Nikoline f.15.1.1829 - d.7.10.1891, g.1874 Ingebrigt Hansson Gurskevik f.1814 - d.1884. Ho bygsla ein plass på Brandal, Sande i 1872. (SR2.38)

(Berre Sesilie og Sjur stend i Dalsfjord-boka)

"Postbudet", eit blad som kom ut i Volda, skriv 31.7.1847:

En Dag i forrige Uge kom 5 Ulve styrtende midt inde i Faareflokkene paa Gaarden Steensvigs 1 Miil tilfjelds beliggende Sætermarker, medens Sæterpigerne Kirsti Andersdatter Drabløsvig og Ragnilde Olsdatter Steensvig jætede. Ved Steenkastning fik de dog jage dem bort uden andet Bytte end et Lam, hvis Tab de imidlertid ikke bemærkede før senere, og herunder var Kirsti saa heldig med en Steen at ramme den ene saa slemt paa Benene, at han maatte forlade Følget, og søgte at skjule sig i en Ur. Da Ulven imidlertid ikke fik skjule sin hele Krop sprang hun hen, tog fat i Bagbenene og drog ham ud saa at Ragnilde med sin Jæterstok fik have ham saa mange lystige Drag over Ryg og Hoved, at han blev liggende paa Stedet. Folk var mykje plaga av ulv på denne tida, og i Volda var skotpremien i 1847 på 9 spesiedalarar – ein stor sum. (etter Jostein Nerbøvik: "Holmgang med havet 1838-1914", Volda 1997, s.53)

Kjelder:

Ola: kb.Volda (dp?, konf., g.), kb.Rovde (d.), FT1801 (14 år, med foreldra), F1865 (med dottera Dorte); – Patronym og gardsnamn (dvs. ikkje fullt namn på faren) ved konfirmasjon, gifte.

Sisilie: sjå nr.109

Borna: kb.Volda (dåp; konf.; Dorte, Ragnhilde g.; Brite d.), kb.Leikanger (Dorte d.), kb.Kors

(Ragnhilde d.), FT1865, Alnes i Grytten (Ragnhilde, fødestad Volda)

Ver-born: kb.Volda (Ole Andreas dp.), kb.Leikanger (Ole Andreas d.), kb.Kors (Ole d.)

Barnebarn: kb.Voll (Marta Sisilie f.), FT1865 og FT1900, Alnes i Grytten (Marta, fødestad Voll)

foreldra nemnde ved dåp og konf, fedrene ved gifte og når barn d.

Bygdebøker for Dalsfjord, Herøy, Sande, Voll (Romsdal).

[108,109]

28. PEDER Olson STEINSVIK, f.1782 (dp.23.12) - d.17.11.1814

29. SISILIE Zakariasd. BRUNE (Steinsvik), f.1783 (dp.5.11) - d.7.11.1855

gifte 27.1.1811, (D.78,56)

Foreldre: nr. 56-59 [216-219]

Peder og fire andre frå Dalsfjorden og Volda forliste utanfor Herøy/Sande. Ein av dei fire var halvbroren Rasmus. Dei kom frå Bergen med ein fraktesbåt (tendring). Rasmus Jakobson Vassbotn (f.1749 - d.1821), skriv i "Tidsregister" (utg. 1980, s.143-144):

1814 de 17de November bortkom paa Statshavet 5 Mænd af Wolden nemlig: Morten Lied, Knud Eidem, Tohre Echrem, Peder Steensvig, Rasmus Løndal. Disse vare paa Hjemreise fra Bergen ombord paa en liden Tendring, men kom et saadant stærkt Vejr at de om natten omkom med Fartøy og Varer. Men siden blev de alle igjenfundne døde, og blev begravne i Sandøe-Kirke.

Det skal ha vore fleire straffesaker mot folk som tileigna seg godset etter forliset. (SR4.293 og Herøy-Bygdesoga 1, s.350). Vassbotn gjev 17.11. som dato for forliset. I kyrkjeboka for Volda er dei fem omkomne innførte etter jordfesting søndag 4.12. og før 8.12.1814; Morten, Knut og Peder skal vere gravlagde på Sande kyrkjegard. Skifte etter Peder 3.1.1815.

Sisilie (27=29) [106=108] oppattgift 1816, sjå ovanfor.

Born:

I OLE f.1811 (=nr.14 [54], sjå ovanfor)

II Pernille Randine f.1813 (dp.5.10) - d.1906, g.1.1.1842 Anders Martinus Halvorson Eidsflot (Kongsvoll), f.1809 (heimedøpt, lest over i kyrkja 6.9) - d.3.7.1857 (V3.287), oppattg.18.7.1859 Elling Pederson Løfoll f.27.6.1822 - d.1897 (V3.100), busett Kongsvoll (V3.464)

Kjelder:

Peder: kb.Volda (dåp, g., d.), F1801 (19 år, med foreldra)

Sisilie: kb.Volda (dåp, konf, g1, g2, d.), F1801 (18 år, med foreldra)

Patronym og gardsnamn ved dåp og gifte (fedrene ikkje nemnde med fullt namn).

Borna: kb.Volda (dåp; Ola konf.; g.) - foreldra nemnde v. dåp og konf., fedrene v. gifte.

Ver-born: kb.Volda (Anders f, d.; Elling f.).

Rasmus Jakobsen Vasbotn: "Tidsregister", skrive fortløpande fram til 1820, utg. Volda bygdeboknemnd 1980.

Bygdebøker for Dalsfjord, Volda, Sande og Herøy.

[110,111]

30. RASMUS Larsson SÆTRE (Steinsvik), f.1796 (dp.27.11) - d.5.8.1887 (90 år)

31. MARTE Paulsd. KORSFUR (Steinsvik), f.1790 (dp.18.3) - d.4.2.1823 (32 år)

gifte 1.1.1814. Rasmus tok over garden våren 1812 etter morbroren Peder Larson, og kona hans Ingeborg Hansd, som ikkje hadde born. Ingeborg var Marte si farsyster. (D.83,223,SR3.218)

I folketeljinga 1801 er dei 5 og 11 år; Marte er fosterbarn på garden.

Foreldre: nr. 60-63 [220-223]

RASMUS oppattgift 2.7.1824 med Anna Johanne Steinarsd Aksnessæter, f.1798 (dp.6.5) - d.14.3.1876 (D.134). Ved vigsla er han nemnd "soldat".

Born (RASMUS og MARTE):

I Ingeborg f.1814 (dp.20.11) - d.9.12.1897, g.21.6.1840 Steinar Kristoffer Ottarson Velsvik, f.1810 (dp.26.8) - d.15.5.1890, busett Velsvik (D.320)

II Pernille f.1816 (dp.5.5) - d.19.12.1862, g.29.12.1839 Ola Olsson Fyrdsreite, f.19.3.1817 - d.1904 (V2.445), busett på Dale (D.64)

III MARTE f.1817 (=nr.15 [55], sjå ovanfor)

IV Peder f.12.9.1819 - d.11.6.1904, g.5.6.1847 Malene Frantsd. Åmelfot, f.1816 (dp.10.11) - d.1910 (D.99), tok over garden.

V Pauline Marie f.12.9.1821, død før skiftet 1823.

VI Lars f.14.11.1822 - d.1880, g.10.4.1853 Berte Serene Jonsd. Ulvestad, f.8.4.1819 - d.1896 (D.281), busett Vik, Sykkylven, 5 born. Lars Steinsvik var kjend som evangelisk forkynnar og pioner i det kristelege lekmannsarbeidet (Sykkylven 2.98).

(RASMUS og Anna):

VIII Morten f.19.5.1825 - d.8.10.1912, g.9.10.1846 Anne Larense Frantsd. Åmelfot, f.31.1.1824 - d.1901, busett Åmelfot (D.100)

VIII Steinar Olavius f.4.1.1827 - d.14.9.1889, g.5.6.1854 Ane Karine Pedersd. Åmelfot, f.27.4.1835 - d.27.10.1899 (D.102), busett Steinsvik (D.87)

IX Jon Kornelius f.1835 (f.8.4?) - d.17.4 (9 dagar - ikkje dåp i kyrkjeboka)

Skifte 24.mai 1823 på Stensviig etter Marte Povelsdatter; ...manden Rasmus Larsen og 5 Born: Peder 3 1/2 år, formyndar Hans Olsen Vassbakke; Lars 1/2 år, form. Knud Pedersen Stensviig; Ingeborg 8 1/2 år, form. morbroder Hans Olsen Korsfure (det står Olsen, ikkje Povelsen); Pernille 7 år, form. Nils Larsen Sætre, Marte 5 1/2 år. Buet vart gjort opp med 405-0-2 i brutto, netto 382-3-11.

Panteboka: Kårkontrakt 28.jan 1812 på Steinsvik frå Rasmus Larsen Steinsvik "til min moderbroder Peder Rasmussen og hustru Ingeborg Hansd."

Panteboka: Sjøte 4.jan, tingl.25.mai 1812 frå Peder Rasmussen "til min søstersøn Rasmus Larsen Sætre"; nemner "... mine 2de brødre Jon & Knud Rasmussønner"; verje for Rasmus er faren Lars Nilsen Sættre; han skriv under saman med Jon Rasmussen Steenswigen, Knud Rasmussen Steenswigen, verje for enkja Ingeborg og vitna. (dvs. Peder, Jon og Knut Rasmussønner er 442,443-born; Lars Nilson Sætre er nr.220)

Kjelder:

Rasmus: kb.Volda (dåp, g1, g2, d.), F1801 (5 år, med foreldra), F1865

Marte: kb.Herøy (dåp), kb.Volda (konf., g, d.), F1801 (11 år, fosterbarn på garden)

Anna Johanne: kb.Volda (dåp, d.), F1865, F1875

Borna: kb.Volda (f.; Marte, Peder, Lars, Morten, Steinar konf.; Ingeborg, Pernille, Marte, Peder, Lars, Morten, Steinar g., Steinar, Jon d.), F1865 (Peder)

Ver-born: kb.Volda (Steinar, Ola, Malene, Berte, Anne L, Ane K. f.; Steinar d.)

Skifteprotokoll og Pantebok for Søre Sunnmøre.

Bygdeboka "Dalsfjord".

.....